

Referat frå møte i Hallstyret 10.02.2017

Desse møtte

Reidar Espelid, tekn.etat.

Kjartan Fjelde, UIL

Thor Erling Larsen, skulen

Anne Marit Lekve, kultur, nyoppnemnd medlem etter Espen Eide. Velkomen!

1) Om erfaringar etter sist møte.

Hallstyret og vaktmeister er litt frustrert over at reglane i hallen ikkje vert fylgde av dei som er og trenar. Her må trenarane gjera sin del av jobben, uansett om dei meiner det er unødvendig for akkurat deira gruppe, eller at alt er i orden og det ikkje er noko å varsle om. Det er uansett viktig informasjon til hallstyret.

Frå førre referat vert det minna om:

Gjeld pkt 1) Utlevering av brikker og nøklar **må skje i vaktmeister si arbeidstid.**

Gjeld pkt 2) Skjema for fakturering er ikkje ferdig. **Margunn ventar** på klarsignal.

Gjeld pkt 3) Kalendar for ledig tid i hallen, på heimesida. **Claudia har fylgt opp.**

Gjeld pkt 4) Brukstal i hallen til no. **Det er svært mykje slurv i registreringa av antall trenande og kvittering frå den som er ansvarleg trenar. Ved avvik og skader er det plunder å finna ut kven som har vore i hallen. Den som ikkje loggfører kan få sperra brikka si.**

Gjeld pkt 7) Tilfeldig bruk / drop-in-trening. **Alle på drop-in-trening skal skriva i loggen!**

Gjeld pkt 10) Innkomne innspel om kaffiautomat mm. **Idrettslaget vurderer. Skohyller er på veg. Å halda orden i vestibylen er ein dugnad der alle som ventar på ungar/vaksne må hjelpa til så ikkje trenaren vert ståande att med oppryddinga.**

Gjeld pkt 11) **Om å gå inn i hallen.** Hallstyret ber alle presisera at inngangen til hallen er via garderobane. Dette for å ha eit godt skilje mellom skitten ute-sone i vestibylen (der ein set frå seg skitne sko), via skifte-sone i garderoben, til rein sone i gangen bak garderoben inn i hallen. Hoveddøra inn i hallen skal **til vanleg** ikkje nyttast som inn/ut-dør. **Dette må ein skjerpa inn. Tren inn vanen.**

Gjeld pkt 12) Skader i hallen dei første 10 vekene. **Dette har kome seg. Mindre skader etter jol. Stolane i vestibylen er svake og knekk når dei veltar, så ein må vera litt forsiktig. Vert skifta ut etter kvart.**

Gjeld pkt 13) Supplering av forbruksmateriell. **Trenarar er ansvarlege for å ha med sitt eige førstehjelpsutstyr. Det som er i hallen er berre til nød-bruk.**

Gjeld pkt 14) Lystavla i hallen. **Er no i drift.** Fjernkontroll ligg på teknisk rom.

Gjeld pkt 15) Rydding i materialrommet. **Det blir framleis rydda for dårleg. Her må alle skjerpa seg.**

Gjeld pkt 16) Førstehjelpskurs. **Ikkje avklara for idrettslaget.**

Gjeld pkt 17) Telesignal wifi. **Kommunen sin IKT-ansvarleg jobbar framleis med ei løysing.**

2) Endring av treningstider.

Zumba går ut fram til påske, og fotball G09 får meir treningstid.

Elles vart treningstidene justert etter UIL sine ynske og namn på treningsgrupper endra.

Det er viktig at treningstider er reelle, og ikkje berre ein reservasjon «i tilfelle me vil trenar inne». Då blokkerer ein unødig for anna aktivitet.

Difor er loggen viktig. Treningsgrupper som ikkje loggfører, står faktisk med 0 brukarar og ingen trenar, og vil t.d. risikera ikkje å bli prioritert ved neste tildeling av treningstider. Nye treningstider vil bli slått opp i hallen etter vinterferien.

3) **Stenging av hall og basseng** rundt vinterferien.

Bassenget stengt veke 7-8-9, hallen stengt frå torsdag veke 7 - veke 8.

All stenging vert kunngjort på heradet si heimeside, its learning og på Ulvik IL si facebookside.

4) Idrettslaget har egne **rutiner for henting av born**. Foreldre bør informera trenar om egne born og egne rutinar for å gå heim i eller under trening.

5) Nokre brikkar vert endra, når grupper også treng tilgang til gymsalen.

6) Idrettslaget vil oppnemna ein **nøkkelsvarleg** som har oversikt over kven som er trenar og kven som har rett til å henta ut brikkar og nøklar. Listene skal sendast til vaktmeister når dei vert endra, slik at han alltid har ei ajourført liste med namn, treningsgruppe, telefonnr. Den som skal ha nøkkelsvarleg vender seg personleg **til vaktmeister på dagtid**, lagar pinkode og kvitterer for utleveringa.

7) **Vidareføring av drop-in-trening**. Viser til pkt 7 i referatet frå 14.12.16. Drop-in er ok utan førehandsvarsling for trenarar og tilsette som alt har brikkar/nøklar. Andre MÅ henvenda seg til tenestetorget og gjera avtale i samsvar med hall-reglane. Drop-in-aktive må dela på hallen slik at ingen treng gå heim att, med mindre dei på førehand har bestilt time i hallen på tenestetorget. Det er ikkje meininga at drop-in er for ekstratrening for heile treningsgrupper, Desse må varsla vaktmeister på førehand.

Brikkene til trenarane vert dermed utvida til å kunne brukast også 8-22 laurdag og søndag.

8) **Bruk av tribunen**. Tribunen er vanlegvis stengt, og ljuset vert styrt frå teknisk rom.

Dersom nokon har bruk for tribunen i samband med arrangement, så varslar dei vaktmeister som låser opp, tenner ljuset.

9) Det er kome inn **søknader om leige/bruk av hallen/skulen** nokre helger. Det gjeld Skulemusikken, Ungdomsrådet og eit nystifta lag, «Press», som er RødeKors sin ungdomsorganisasjon. Lokallaget er heimehøyrande i Ulvik.

Styret overlet til **vaktmeister** å gje svar og styra dette i samsvar med reglementet og i **samråd meir rektor**.

10) Det vart teke opp at ein som felleseiga mellom heradet og lag/organisasjonar burde ha samarbeidd **om innkjøp av transportable/samanleggbare bord, stablebare stolar og telt/partytelt** til felles bruk/glede ved ulike arrangement i heradet. Lagring kan skje på skune/bomberommet. Ein oppmodar om at lag og organisasjonar tek dette opp og vurderer om ein vil vera med på eit spleiselag.

11) **Epost til leiar i idrettslaget** er leiar(a)ulvikil.no, som spreier referat og liknande til medlemene evt via facebook. Kulturrepresentanten vurderer korleis spreiiing av informasjon best skjer til dei ho representerer.

For hallstyret
Thor Erling Larsen
Leiar
40 007 153